



Fyresdal kommune
Sektor for plan og teknikk

Landbruks- og matdepartementet

Melding om vedtak

Dykkar ref:	Vår ref	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	2014/1292-3	Elin Skålid,35067123 elin.skålid@fyresdal.kommune.no	V60	16.12.2014

Forslag om å oppheve konsesjonslova – Høyringsuttale frå Fyresdal kommune

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2014

Framlegg frå Tor Bendik Midtgarden:

Fyresdal kommune støttar Landbruks- og matdepartementets framlegg om å oppheve lov av 28.nov. 2003 nr 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) m.v. samt å oppheve enkelte bestemmelsar i lov av 28. juni 1974 nr 68 om odelsretten og åseteretten (odelslova) som omhandlar buplikt.

8 røyster for innstillinga frå rådmannen.
4 røyster for framlegget frå Tor Bendik Midtgarden.

Vedtak i Kommunestyret - 11.12.2014

Fyresdal kommunestyre ynskjer ikkje noko endring av dagens konsesjonslov. Konsesjonslova er eit viktig verkty som kommunen har for å ivareta busetnad og matproduksjon. Særleg viktig er det at buplikta vert oppretthalde.

Syner til vedlagte særutskrift/vedtak.

Med helsing

Elin Skålid
rådgjevar landbruk



Fyresdal kommune

Arkiv: V60
 Saksmappe: 2014/1292-2
 Saksbeh.: Elin Skålid
 Dato: 01.12.2014

Saksframlegg

Forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta - Høringsbrev

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	99/14	11.12.2014

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka: Høyringsnotat

Bakgrunn for saka: Landbruks- og Matdepartementet har sendt ut høyringsnotat med framlegg om å oppheve konsesjonslova. Bakgrunnen for dette er jf. høyringsnotatet at den enkelte bonde skal få større råderett over eigen eigedom. I tillegg er det eit mål å redusere landbruksbyråkratiet.

Buplikt på landbrukseigedomar er heimla i konsesjonslova. Buplikt i bustadshus , 0-konsesjonsgrense, er også heimla i konsesjonslova.
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/dok/horinger/horingsdokumenter/2014/Horing--Forslag-om-a-oppheve-konsesjonsloven-og-boplikten.html?id=771812>

Konsesjonslova sitt føremål er sett inn under:

§ 1. (lovens formål)

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. framtidige generasjoners behov.
2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.
5. hensynet til bosettingen.

Vurdering:

Regjeringa uttaler at formålet med å fjerne konsesjonslova er å sleppe bonden fri i tillegg til å ta redusere landbruksbyråkratiet. Det er sagt at med dagens konsesjonslov er det vanskeleg for aktive næringsutøvarar å få kjøpt tilleggsjord.

Det er familiejordbruket som har vore berejvelken i norsk landbruk. Historisk sett har ikkje Noreg hatt nokon adel som har ått jorda og leilendingar som har leigd. Etter at husmannsvesenet forsvann har familielandbruket vore den dominerande driftsforma. FN trekker òg fram den norske landbruksmodellen som ein svært god modell for å sikre framtidig matproduksjon til vår aukande befolkning.

Det er med undring sakshandsamar ser at det er Aanesland sine rapportar som i stor grad vert lagt til grunn for forslaget om å fjerne konsesjonslova. Litt balansert syn hadde absolutt vore på sin plass. Og dersom ein hadde lytta til næringa sjølv så ynskjer ikkje det store fleirtal av dagens bønder frislepp på pris og omsetjing. Næringa ynskjer å legge til rette for at landbruket i framtida òg skal drivast av sjølvveigne bønder.

Ved å oppheve konsesjonslova og prisreguleringa vert det opna opp for at kven som helst kan kjøpe opp jord og by opp prisane. Kapitalitstar både frå inn- og utland vil få høve til å kjøpe opp eigedomar, ikkje nødvendigvis for å vidareutvikle eigedomen på lang sikt. Ein viktig leveregel som er nedarva i det norske landbruket er forvaltartanken. Du skal overdra eigedomen til neste generasjon i ein betre stand enn den var i då du overtok. På den måten har ein lagt til rette for matproduksjon for komande generasjonar, ein forvaltar jord i si levetid på vegne av dei som kjem etter. I eit AS sin natur er det ofte størst mogleg utbytte til eigarane som er drivkrafta.

Ved overdragingar i familien er det den eldste som har best odelsrett. Det er ikkje gjeve at den eldste er interessert i å flytte attende og bu på heimgarden. Om så ikkje har vore tilfelle har personar med dårlegare odel, men som er interessert i å bu på garden, høve til å overta gardsbruket om den med betre odel ikkje er interessert i å oppfylle buplikta. Dersom konsesjonslov og buplikt vert borte risikerer ein å gå glipp av personar som vil bu og bidra i lokalsamfunna til fordel for personar som no har fått høve til å behalde bruket som ein jakt/fritidseigedom. På denne måten vert bygdene som ikkje ligg sentralt til gradvis avfolka. Om konsesjonslov og buplikt vert borte kan ein òg tenke seg at attraktive eigedomar kan bli vanskelege å overta for ein landbruksinteressert person i familien, då det kan bli eit sterkt press frå andre arvingar om høgast mogleg pris i marknaden. Prisar som berre dei med kapital kan betale der eigedomens verdi til rekreasjon / jakt er utslagsgjevande, og som ikkje står i høve til eigedomens avkastning. Så kan ein ivareta driveplikta med t.d. billig innleigd arbeidskraft frå lågkostland.

Driveplikta er heimla i jordlova og denne er det ikkje gjort framlegg om å endre noko på i denne omgang. Dersom ein ikkje sjølv driv jorda kan ein oppfylle driveplikta med å leige ut jorda. I landbruket i Fyresdal er det trong for leigejord. Uansett så vil busetjing på gardsbruka virke til å styrke busetnaden i kommunen.

Slik som konsesjonslova er utforma i dag er den ikkje til hinder for omsetting av eigedomar mellom privatpersonar. Kommunen kan setje vilkår om buplikt og på den måten hindre att eigedomane vert omsett som ferieplassar.

Formålet med priskontrollen er at eigedomar som skal nyttast til landbruk omsetjast til ein pris som bidreg til å realisere mål i landbrukspolitikken. Både når det gjeld å sikre rekruttering, legge til rette for langsiktig god ressursforvaltning og stabile arbeidsplassar. Pris på landbrukseigedommar må vere tilpassa eigedomens driftsgrunnlag og den verdi eigedomen har som bustad. Ein skal både leve av og nedbetale garden. Om ein ikkje har høve til det på det som landbruksdrifta kastar av seg er det vanskeleg for komande generasjonar å drive med landbruk. For Fyresdal sitt vedkommande vil ikkje bortfall av prisreguleringa ha så mykje å seie

dersom vi får behalde buplikta. Vi er ikkje i eit pressområde og marknadsverdi vil oftast vere det som regulerer prisen. Prisane på landbrukseigedomar er i dag mykje høgare enn for få år sidan og med buplikt vil ikkje kapitalsterke krefter gje unge som vil inn i næringa nemneverdig konkurranse.

Fyresdal kommune har nyleg fjerna 0-konsesjonsgrensa. Fjerning av konsesjonslova får difor ikkje noko tydnad for denne type buplikt for vår kommune. Ein kan likevel tenke seg at dette er noko ein bør ha ein evaluering av etter ei tid, om utviklinga går i den retning ein hadde tenkt.

Konklusjon:

Det er viktig for utviklinga av folketalet i Fyresdal at konsesjonslova og buplikta ikkje vert fjerna for eigedomar over 100 da. Ved bortfall av konsesjonslova fryktar ein at mange attraktive gardsbruk som kunne vore nytta som bustadar og næringseigedomar i staden vert fritidsbruk.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommunestyre ynskjer ikkje noko endring av dagens konsesjonslov. Konsesjonslova er eit viktig verkty som kommunen har for å ivareta busetnad og matproduksjon. Særleg viktig er det at buplikta vert oppretthalde.

Handsaming i Kommunestyret - 11.12.2014

Framlegg frå Tor Bendik Midtgarden:

Fyresdal kommune støttar Landbruks- og matdepartementets framlegg om å oppheve lov av 28.nov. 2003 nr 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) m.v. samt å oppheve enkelte bestemmelsar i lov av 28. juni 1974 nr 68 om odelsretten og åseteretten (odelslova) som omhandlar buplikt.

8 røyster for innstillinga frå rådmannen.

4 røyster for framlegget frå Tor Bendik Midtgarden.

Vedtak i Kommunestyret - 11.12.2014

Fyresdal kommunestyre ynskjer ikkje noko endring av dagens konsesjonslov. Konsesjonslova er eit viktig verkty som kommunen har for å ivareta busetnad og matproduksjon. Særleg viktig er det at buplikta vert oppretthalde.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Elin Skålid
	rådgjevar landbruk